

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe Saksbehandlar**

2010/1165-6 Tormod Fossheim

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2010/120	Forvaltningskomiteen	23.06.2010

## Utlegging offentlig ettersyn - reguleringsplan massedeponi Jondalstunnelen - Mauranger - Statens vegvesen

### Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad forvaltningskomite vedtek med heimel i pbl §12-10 at forslag til reguleringsplan for del av Fv 107 Jondalstunnelen, massedeponi i Nordrepollen dagsett juni 2010 med konsekvensutgreiing og ROS-analyse dagsett 07.06.2010 vert utlagt til offentlig ettersyn slik han ligg føre.

Dei avbøtande tiltaka som er føreslegne i konsekvensutgreiinga og ROS-analysen skal dokumenterast i det endelege planforslaget.

Utlegginga skal kunngjerast og berørte partar og instansar skal varslast i samsvar med lova.

### Saksutgreiing

#### Planframlegg frå:

Tiltakshavar: Statens vegvesen

#### Bakgrunn for tiltaket

I samband med bygging av Jondalstunnelen vart det vurdert ulike måtar å disponera overskotsmassane på Kvinnheradsida. Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga la i ned motsegn mot å lagra alle massane i Øyresdalen (mellom 400.000 og 500.000 tam3) slik det var planlagt i utgangspunktet, men 90.000 tam3 vart godkjent i eit midlertidig deponi innanfor anleggsområdet. Desse 90.000 skal nyttast når fv 107 mellom Austrepollen og Nordrepollen skal byggjast ferdig i eit seinare byggesteg. Resten av masseoverskotet vart godkjent tippa i fjorden.

Vegvesenet, politkarane og innbyggjarane i Kvinnherad har ikkje "akseptert" at ressursen tunnelstein skal tippast på fjorden, og arbeid aktivt for å finna eit høveleg deponi for *alle* massane på land. Eit slikt deponi i nærleiken av tunnelpåhogget i Øyresdalen, gjev ei innsparing på

om lag 18-20 mill kroner. Denne innsparinga er føresettt å bruka for å finansiera alternativ N6 for tilkomstvegen til tunnelen på Jondalssida.

Kvinnherad forvaltningskomite har gjeve midlertidig dispensasjon frå kommunedelplanen slik at det kan byggjast bru over elva og veg fram til det planlagte deponiet samt å fylla inntil 90.000t<sup>3</sup>. Dispensasjonen gjeld fram til reguleringsplanen er vedteken.

Det planlagte steindeponiet er ikkje i samsvar med overordna plan. Det er då ein føresetnad iflg den nye plan- og bygningslova at reguleringsplanarbeidet vert basert på konsekvensutgreiing med planprogram.

### **Oppstartsvedtak, planprogram og kunngjering**

Oppstart av planarbeid og utlegging av planprogram vart kunngjort i samsvar med lova.

Planprogrammet låg ute til høyring frå 7.desember 2009 til 18. januar

Det kom innspel/merknader frå følgjande:

- Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga
- Hordaland fylkeskommune
- NVE
- Norges naturvernforbund, avdeling Kvinnherad
- Jakob Gjerde
- Per Flatebø via advokat.

Planprogrammet vart juster ihht merknadane, og fastsett av Kvinnherad formannskap 06.05.2010.

Følgjande skulle iflg planprogrammet konsekvensutgreiast:

- Landskapsbilete
- Vassdrag
- Nærmiljø og friluftsliv

I tillegg skulle det utarbeidast Risiko- Og Sårbarhetsanalyse (ROS).

Andre tema som td landbruk vart konsekvensutgreidd i samband med reguleringsplanarbeidet for Jondalstunnelen i 2003.

### **Samsvar med føringar og merkander**

Det er no utarbeidd konsekvensutgreiing og Risiko- Og Sårbarhetsanalyse (ROS) for dei tema som vart fastsette i planprogrammet. Fagrapporten er utarbeidd av Sweco Norge A/S og dagsett 07.06.10.

### **Planfaglege vurderingar**

Konsekvensutgreiinga og ROS-analysen som ligg før, gjev god greie for konsekvensane av tiltake for dei fagtema som er utgreidde.

Konsekvensutgreiinga konkluderer med at tiltaket vil ha negative konsekvensar for landskapsbilete og vassdrag, men ikkje for friluftsliv og nærmiljø.

Rapporten foreslår som avbøtande tiltak:

*Landskapet*

Deponiet vert utlagt og utforma tilsvarende det naturlege terrassen på nordsida av Øyreselva

*Vassdrag:*

Foten av fyllinga vert sikra mot erosjon ved flom, og Øyreselva vert beskytta mot avrenning frå deponiet ved at dreinsvatnet vert samla og behandla anten ved at det vert leia i røyr til sjøen, eller leda inn i eit system med sedimenteringsbasseng.

ROS-analysen konkluderer med at tiltaket ikkje vil representera nokon fare som overstig det som ligg innanfor akseptkriteriet, det vert likevel tilrådd følgjande tiltak for å hindra uønska hendelsar:

- Deponiet må byggjast opp forskriftsmessig i samsvar med prosjektgrunnlaget
- Etablera eit enkelt gjerde på toppen av fyllinga for å hindra at turgåarar dett utfor
- Etablera avrenningsgrøft mellom deponi og grøft i ein tidleg fase av anleggsarbeidet
- Etablera gode rutinar for kontroll og vedlikehald for å sikra at eventuell svekka plastring vert oppdaga i god tid.

Statens vegvesen har synleggjort konklusjonane i konsekvensutgreiinga og ROS-analysen i planomtalen utan at dei har gjort greie for korleis dei avbøtande tiltak er innarbeidde i planforslaget og føresegnene.

### **Tilråding**

Rådmannen tilrår at planframlegget vert utlagt til offentleg ettersyn slik det ligg føre. I det endelege planforslaget skal avbøtande tiltak iflg konsekvensutgreiinga og ROS-analysen synleggjerast.

### **Vedlegg:**

1. Planomtale m/plankart og reguleringsføresegner
2. Konsekvensutgreiing og ROS-analyse er ikkje vedlagt, men kan verta tilsendt ved å kontakta saksbehandlar på tlf 41633570

### **Behandling i Forvaltningskomiteen den 23.06.2010**

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 23.06.2010**

*Kvinnherad forvaltningskomitee vedtek med heimel i pbl §12-10 at forslag til reguleringsplan for del av Fv 107 Jondalstunnelen, massedeponi i Nordrepollen dagsett juni 2010 med konsekvensutgreiing og ROS-analyse dagsett 07.06.2010 vert utlagt til offentleg ettersyn slik han ligg føre.*

*Dei avbøtande tiltaka som er føreslegne i konsekvensutgreiinga og ROS-analysen skal dokumenterast i det endelege planforslaget.*

*Utlegginga skal kunngjerast og berørte partar og instansar skal varslast i samsvar med lova.*

